

Snart fullt på låvedansen!

31.03.2010



**Det er snart fullt hus til låvedansen på Dønhaug i kveld, kan Magne Huglen mælda i føremiddag. Rundt rekna 450 billettar er selde og berre 20-25 er ledige og kan kjøpast på SPAR eller Statoil.**

**Det betyr at ein ikkje kan rekna med å få kjøpt billettar ved inngangen.**

Den store tilstrøyminga talar sitt tydelege språk om at Gunslingers (biletet) med røter i Norheimsund har vorte svært populære på dei to åra bandet har eksistert.

Dei sjølvskrivne, humoristiske tekstane slår godt an og bandet trekk og publikum med sitt store, musikalske spekter.